



REFERAT FRA	Dialogmøte Trafikkplan Nordhordland				
MØTELEIAR					
REFERENT	Stine Karoline Olsen				
MØTEDATO	15.06.2016	TID		MØTESTAD	Skyss
REF. DATO		ARKIVSAK		ARKIVNR	
DELTAKARAR	Frå Lindås kommune – Nina Bognøy (ordførar) og Arne Eikefet (prosjektleiar infrastruktur og samferdsel) Frå Skyss - Eivind Draugsvoll, Vigdis Bjørgo, Stine Karoline Olsen				
FRÅVÆR					
KOPI TIL					

Dialogmøte om innspel til trafikkplan Nordhordland

Agenda:

- Kort innleiing om bakgrunn og rammer for trafikkplan Nordhordland v/Skyss
- Presentasjon av innspel v/kommunen
- Felles drøfting
- Oppsummering

Innleiing ved Skyss:

Vigdis Bjørgo innleia kort om bakgrunn og rammer for trafikkplan Nordhordland:

- Kollektivstrategi for Hordaland og Handlingsprogram 2016-2019 gir overordna føringar for utvikling av kollektivtilbodet i fylket. Dokumenta ligg på www.skyss.no/rapportar.
- Trafikkplanen Nordhordland skal danne grunnlag for spesifikasjon av rutetilbodet i nytt bussanbod for regionen. Nytt anbod skal lysast ut mars 2017. Trafikkplanen skal leggast fram til politisk handsaming før utlysing.
- Trafikkplanen legg til grunn dagens produksjon som økonomisk ramme for nytt anbod. Endringar i rutetilbodet må difor basere seg på omprioriteringar innanfor di gitte rammene.
- Skyss vil legge fram framlegg til trafikkplan Nordhordland i regionrådet til hausten.

Innspel frå Lindås kommune:

Saka har vore oppe i formannskapet i kommunen og Skyss har fått sendt over vedtaket på førehand . Lindås kommune presenterte sine innspel i møtet, og desse vart gjennomgått og drøfta. Vedtaket som er sendt over frå Lindås kommune vil inngå som del av oppsummeringa av møtet.



Lokalt busstilbod

- Det er ønskjeleg med ein ringbuss for tettstadområda i regionen (punkt 5 i vedtaket). Det viktigaste her er at det er gode tverrforbindelser mellom tettstadane i regionen. Dette må ikkje vere ein samanhengande linje, men det er viktig med smidige omstigingar og at det ikkje blir for mange bytter.
- Skyss kan med fordel informere om dagens kollektivtilbod betre, slik at moglege tverrforbindelser i regionen blir betre kjent.
- Punkt 6 om kveldsavgangar gjeld i hovudsak ungdom frå Ostereidet, Leknes og Seimsida. Skyss opplyser at tilboden mellom Alversund/Kvarvik og Bergen er relativt godt på kveldstid, og at dei økonomiske rammene vil vere ei utfordring i samband med ei eventuell auke i tilboden.
- Kommunen er einig i at Skyss må vurdere rutene som går ut i frå passasjergrunnlaget som finst i dei ulike området.
- Det er ønskjeleg at Skyss vurderer moglegheitene for bestillingstransport i område med lågt busstilbod.
- Det er ønskjeleg med ei pendlarrute til Mongstad.

Tilbod Knarvik-Bergen

- Det er viktig med ekspressbuss frå Knarvik-Bergen for pendlarar i rushtida, spesielt om morgonen. Her er reisetida viktigast, utan stopp i Åsane nord.

Båttilbod

- Båttilboden er veldig populært i kommunen og det er ønskjeleg med fleire avgangar på dagtid.
- Det er ønskjeleg at matebussen til båten går frå Alverstraumen. Skyss si vurdering er at eit eventuelt matetilbod bør leggast utanom Knarvik skysstasjon, for at tilboden skal bli opplevd som attraktivt for dei reisande.
- Kommunen meiner det kan vere aktuelt at aktuelle bussar frå Alverstraumen har ein effektiv korrespondanse med matebussen frå skysstasjonen til kaia.

Utbyggingsplanar/infrastruktur

- Det vil komme nye bustadfelt på Alverstraumen og Leknes.
- Det er planlagt fleire bustader i Lonsvegen, og det er spesielt godt vaksne folk som busett seg her. Området Juvikstølen og Lonsvegen er ikkje tilfredsstillande dekka når det gjeld tilgang til kollektivtilbod.
- Skyss opplyser at det er behov for å få på plass ein snuplass på nord for Alversundbrua. Lindås kommune er positive til å finne ei løysing her.

Skulestruktur

- Alversund skule blir lagt ned og den nye skulen er planlagt like i nærleiken (rett sør for dagens skule). Kommunen arbeider med å få på plass ei løysing for haldeplass/snuplass. Dette blir gjort i samarbeid med Skyss og fylkeskommunen.
- Det er planlagt ei samanslåing av Eikanger og Kløyvheim, men dette ligg fram i tid.
- Det er ikkje planlagt endringar i skulestrukturen utover dette.